

# Årsmelding 2024

## Indre Sunnfjord Turlag



Olden – Stardalen: På god sti gjennom ur ved Storevatnet 1049moh

Foto: Atle Holsen



# Tillitsvalde 2024

## Hovudstyre:

Leiar: Ingebjørg Erikstad  
Nestleiar: Roger Hopland  
Styremedlemmer: Sissel Flåm, Per Tore Meier, Kjell Kleiven,  
Edith Falkenstein, Kjell Arne Hjellbrekke, Reidun  
Kristiansen

## Barnas Turlag:

Leiar: Sissel Flåm  
Medlemmer: Steffen Herstad, Julie Vårdal Heggøy, Evelyn Vågane

## Seniorgruppa:

Leiar: Edith Falkenstein  
Medlemmer: Sigrid Gjelsvik, Svein Ove Osland, Karen Hornnes  
Vara: John Lien

## Bre- og Fjellsportgruppa:

Leiar: Per Tore Meier  
Medlemmer: Sissel Vedvik, Jarle Øygard, Rune Kristiansen  
Vara: Anja Lena Selstad

## Hyttestyret:

Leiar: Kjell Kleiven  
Medlemmer: Mariann Svingen, Per-Tore Meier, Anders Terje Vie  
Vara: Jorunn Vågen

## Merke- og løypenemnd:


Leiar: Kjell Arne Hjellbrekke  
Medlemmer: Knut Skurtveit, Åse Skare, Helga Erdal Brenne,  
Atle Øen  
Vara: Magnar Egil Øren Gangsøy

## Revisor:

Marit Nikø og Bjarte Erdal

## Valnemnd:

Atle Holsen (leiar),  
Jan Bjarte Skrøppa (2 år) og Lise Mari Haugen (3 år)



## Hovudstyret

Styret har i perioden hatt 10 styremøter med til saman 96 saker. Jens Petter Bøe har ført rekneskapen.

Styret har arbeidd etter budsjett og handlingsplan vedtekne på årsmøtet i 2024. Aktiviteten har vore stor. Sjølv om mykje regn førte til ein del avlyste turar, særleg i august/september, ser vi at både tal aktivitetar og tal deltakarar på våre arrangement held seg på 2023-nivå, med ein liten auke i deltakartal. Dette er styret godt nøgd med!

Styret har stort fokus på utomhusaktiviteten og det å ha kapasitet og kompetanse hos våre tur-/aktivitetsleiingar. Vi har gjennomført førstehjelpskurs, våtkurs, kurs i kart og kompass og nærturleiarkurs. I tillegg har vi hatt deltakarar på grunnleggande turleiarkurs og på sommarturleiarkurs. Vi har gjennomført to lokale turleiarsamlingar der vi har hatt fokus på turplanlegging og risikovurdering. Rettleiar for turleiarane våre er også utarbeidd og vert oppdatert årleg. Som eit stort lokallag har vi både behov for nye turleiarar og oppgradering av dei vi alt har. Det neste store steget er å få utdanna nye vinterturleiarar, noko som må komme gradvis etter kvart som den enkelte turleiar skaffar seg turleiarerfaring på sitt nivå.

I tillegg til fellesturar og aktivitetar av ulikt slag, har vi vidareført samarbeid med Sunnfjord U40 og NFU Sunnfjord om eigne turar og aktivitetar. Også desse tiltaka har hatt god oppslutning. Vi held fram samarbeidet i 2025 og håpar at vi også kan sjå effekten av dette samarbeidet i deltaking på andre turar/tilbod.

Fleire ungdommar frå vårt område har delteke på DNT Sogn og Fjordane sitt opplegg «Unge naturjenter». Dette trur vi på sikt vil vise att gjennom reetableing av DNT-ung i Indre Sunnfjord turlag.

Den store stiprosjektet vårt også i 2024 var Nordheia. Her er det gjort ein enorm innsats for å legge om og utbetre den svært populære stien. Arbeidet vart markert med ei offisiell opning 26.oktober der ordførar Jenny Følling avduka informasjonstavle og klipte snor. Sjølv om vi formelt har avslutta prosjektet, vil det bli arbeidd vidare med utbetringar også i 2025. Prosjektet er finansiert gjennom spelemidlar og dugnad.

Av meir organisatoriske saker, kan nemnast styret har vedteke mandat for alle gruppene. Dette, saman med turleiarrettleiar, at vi har oppgradert tryggleiksinfo og tiltak på hyttene våre, og etter kvart får tatt ibruk dei nye DNT-systema, er del av eit systematisk arbeid med å dokumentere rutiner og få på plass eit internkontrollsystem det er forventa at vi skal ha. Eigen beredskapsplan skal også på plass i løpet av våren.

Vi har vedteke å slutte oss til DNT sin «økonomiring» og vil ta i bruk nytt rekneskapssystem i 2025.

Vi har fått nokre innspel på nye hytter, og då gjerne hytter som ligg meir tilgjengeleg til enn dei vi har idag. Det er så langt ikkje gjort konkrete vurderingar utover at vi takka nei til eit spørsmål om Svistølen.

Styret har også drøfta om vi bør innføre låsing av hyttene våre, og har i første omgang peika på eit prøveprosjekt på dette på Nipebu i 2025.

IST har ikkje sett av eigne ressursar til å jobbe med plansaker, friluftslivssaker, m.m. Vindmøller på Snøheia og gondolbane i Kjøsnesfjorden er to store saker i vårt område som vil ha store konsekvensar for friluftslivsinteressene i desse områda. I tråd med DNT sitt føremål som m.a. handlar om å sikre friluftslivets natur- og kulturgrunnlag, har IST så langt vore motstandar av desse to store naturinngrepa. Vi vil møte att desse sakene også i 2025, og Indre Sunnfjord turlag vil støtte seg på kapasitet og kompetanse i DNT Sogn og Fjordane/DNT sentralt og Forum for Natur og friluftsliv Sogn og Fjordane når det gjeld uttaler, m.m.

IST har delteke på årsmøte og fellesmøte i DNT Sogn og Fjordane og DNT si bre- og fjellsportgruppe. DNT Sogn og Fjordane hadde sitt årlege fellesmøte i Førde første helga i november med IST som lokalt vertskap. Sjølv om det var både kaldt og vått, fekk møtedeltakarane seg ein frisk tur på Nordheia også!

Vi har hatt møte med alle tre kommunane for å presentere laget, aktivitet og utfordringar. Vi opplever at samarbeidet med kommunane er godt, og at begge partar har nytte av desse møta.

Styreleiar har delteke på Folkehelsekonferanse Vest i Bergen i november med innlegg om aktivitetstilbod for seniorar.

På årsmøtet i 2024 kom det opp forslag om namnebyte til Askvoll, Fjaler og Sunnfjord turlag. Saka vart sendt over til styret som skal komme med si vurdering til årsmøtet i 2025.

2024 er første året der vi samkøyrer arbeidsår, budsjett- og rekneskapsår med kalenderår. Dette meiner vi er ei god løysing.

Styret sine planer for 2025, som også er Friluftslivets år, er omfattande. Vi planlegg fellesturar av ulikt slag, og har også planer om eit omfattande arbeid knytt til UT.no, der planen er å kvalitetssikre meir av innhaldet. Også på sti-området er det nye planer.

Å drive eit stort frivillige lag som Indre Sunnfjord turlag er omfattande. Vi treng hjelp til søknader, rapportering, marknadsføring og kontakt med overordna organisasjonar og offentlege myndigheiter. Det å halde seg oppdatert på dataløysingar og liknande er og svært tidkrevjande for. Vi er difor glade for at vi har hatt god hjelp av Hege Mundal som har ei 50% stilling som organisasjonsmedarbeidar. Denne kombinerer ho med 50% stilling for DNT Sogn og Fjordane.

Økonomien til IST er god. Det er likevel viktig med god økonomisk styring.

Å drive lokalt frivillig arbeid er både gjevande og utfordrande. Det er lett å mobilisere til konkrete oppgåver som kan gjerast der og då, men meir utfordrande å oppnå at folk seier ja til å ta på seg ansvar. Her treng vi at alle formidlar gleda og det sosiale ved å drive frivillig arbeid!

Styret takkar alle frivillige for flott innsats i 2024!

# Hyttestyret

## Styret sitt arbeid

Styret har ikkje hatt ordinære styremøte i 2024, men det har vore løpande kontakt via e-post og telefon for å koordinere tilsyn, vedlikehald og dugnadsarbeid på hyttene. Vi var på synfaring på Svistølen etter innspel om ny DNT-hytte på årsmøtet i fjor, men denne var ikkje aktuell å gå vidare med. Hyttestyret mottok kr 16 000,- frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til mindre utbetringar og innkjøp.

## Longevasshytta

**Tilsynsansvarleg:** Torunn Solheim

Tilsyn er utført i tråd med gjeldande instruks.

### Utført arbeid:

- Det har vore gjennomført ein dugnad i tillegg til ordinært tilsyn.
- Heile hytta vart grundig vaska frå golv til tak, og alle sengkledde vart skifta. Dyner og puter vart lufta ute.
- Ved, gass og proviantlager vart fylt opp.
- Det meste av hytta fekk eit nytt strøk med beis.
- Nye brannvarslarar og sløkkeapparat vart montert:
  - Brann- og røykvarslarar i alle rom.
  - Sløkkeapparat plassert på loftet og i hovudetasje.
  - Brannvarslar og sløkkeutstyr vart også installert i uthuset/sikringsbua.
- Det vart utarbeidd ein rømmingsplan for hytta.

### Føreståande behov/tiltak:

- Utbetring av lekkasje ved eitt av vindauga i stova.
- Skifte av slangar og regulatorar på gassflasker i kjøkkenbenken og gassomnane i hytta og uthuset.
- Planlegging og gjennomføring av dugnad.



## Nipebu

**Tilsynsansvarlege:** Dag Tor Mjåseth og Anita Brendehaug Mjåseth  
Tilsyn er utført i tråd med gjeldande instruks.

### Utført arbeid:

- Dugnad gjennomført i tillegg til ordinært tilsyn.
- Hytta vart vaska, og alle sengkleda vart skifta.
- Ved, gass og proviant vart fylt opp.
- Benkeplata på kjøkkenbenken vart skifta ut.
- Nye lamper vart monterte i opphaldsrommet, og det vart supplert med nye kjeler, fleire flytevestar m.m.
- Nye brannvarslarar og sløkkeapparat vart monterte:
  - Brannvarslarar i alle rom.
  - Sløkkeapparat på loftet og i opphaldsrommet.
- Det vart utarbeidd ein rømmingsplan for hytta.

### Føreståande behov/tiltak:

- Vidare planlegging for utviding av uthuset/sikringsbua.
- Vurdering av behov for å skifte fleire vindauge.
- Sjå på moglegheit for innlegging av vatn i hytta, både til vaskerom og kjøkken.
- Årleg dugnad.



## Massbu

**Tilsynsansvarlege:** Ingvald Os og Jostein Laukeland  
Tilsyn er utført i tråd med gjeldande instruks.

### Utført arbeid:

- Gassblusset til matlaging vart skifta ut med eit nytt.
- Hytta vart grundig vaska og rydda, og sengklede vart skifta.
- Ein del mindre vedlikehaldsarbeid vart utført.

### Førestående behov/tiltak:

- Påfyll av ved (samtidig med dugnad på Nipebu).
- Skifte av trekk på alle madrassane.
- Innkjøp av nye kjøkkenhandkle, AAA-batteri og stearin-/telys.
- Bekjempe skadedyr i treverk.



## Hyttestatistikk siste 10 år

Masbu	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Overnattingar	34	35	131	27	23	28	2	29	23	78	74
Dagsbesøk	13	50	35	38	32	47	17	34	21	21	7
Longevasshytta	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Overnattingar	302	97	28	463 ??	243	243	147	224	168	246	261
Dagsbesøk	37	48	37	56	82	12	15	28	22	18	43
Nipebu	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Overnattingar	397	423	307	314	408	370	204	178	269	295	378
Dagsbesøk	119	54	86	92	83	46	20	34	15	27	13

# Sti- og merkenemnda

## Møter

Nemnda har hatt eitt fysisk møte og har elles kommunisert via e-post, SMS og Messenger.

## Stivert-ordning

Vi har jobba med forslag til kva stiar vi ønsker å tildele stivertar. Dette er eit viktig tiltak som bør prioriterast høgt dei kommande åra slik at ein sikrar godt vedlikehald av rutenettet.

## Utført arbeid

- **Rydding:** Soleide–Viefjellet, Ålhusdalen–Longevasshytta
- **Merking:** Laukeland, Fossedalen–Brendehaug–Nedre Fossedal, Otterstein–Nipebu, Halbrendsnipa – Kalsetvatnet.
- **Reparasjon og merking:** Sti til Haugabreen
- **Synfaringar:**
  - Fossevika–Nedre Fossedal
  - Fonn i Stardalen (bru over Langedalselva på sti til Gallen og vidare over breen)

## Nordheia-prosjektet

Arbeidet med utbetring av Nordheia-stien vart ferdigstillt i år, med om lag 250 timar dugnad (samla omlag 600 timar i 2023/24). Sjølv om prosjektet er avslutta med rapportering og økonomi, vil både Nordheia-stien og andre stiar nemnda har ansvar for, ha eit kontinuerleg behov for vedlikehald og utbetring.

**Totalt dugnadsarbeid i sti- og merkenemnda i 2024:** Om lag 370 timar




# Fellesturar med Indre Sunnfjord Turlag

## Variert turprogram

Vi har i 2024 levert naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper. Sjølv med ein regntung haust, som førte til ein del avlysingar, har vi halde eit høgt aktivitetsnivå. Fjellsport, Seniorgruppa og Barnas Turlag er dei faste gruppene våre som bidreg til å forme mykje av tilbodet. Samstundes er det slik at dei fleste heildagsturane ikkje er organiserte under ei eiga undergruppe, men utgjer ein stor del av aktiviteten. I tillegg har det vore god driv i samarbeidskonseptane Natur & kultur, Friluftsliv tilrettelagt og U40. Det er gjennomført 103 av 121 planlagde arrangement.

## Turdeltaking:

Type Tur	2023 (01.11.22 -31.12.23)	2024 (1.1.-31.12.2024)
	Turar, Deltakarar	Turar, deltakarar
Heildags- og helgeturar (felles)	28(821)	25 (796)
Overnattingsturar	2 (41)	3 (75)
Ettermiddagstur (U40, natur & kultur, onsdagstur)	12(169)	14 (231)
Tysdagstur (dagtid, senior)	27(561)	30 (763)
DNT ung (inkl friluftsskule)	1(23)	1 (22)
Opptur	1(95)	3 (250)
Barnas Turlag	31(1634)	23 (1427)
FTU - friluftsliv tilrettelagt	6(221)	6 (201)
<b>SUM</b>	<b>106 (3584)</b>	<b>103 (3765)</b>



## Heildags- og helgeturar

For å setje opp eit samla turprogram med kjekke og varierte turar arrangerer vi turleiar samlingar og ber turleiarane våre som ikkje er knytte til undergruppene om å kome med innspel. Gjennom året har vi hatt trugeturar, skiturar og eit drøss av fotturar i variert terreng. Vi har også arrangert flotte samarbeidsturar saman med mellom anna Flora Turlag, Balestrand og Høyanger Turlag. Biletrapport frå alle turar har vorte publisert på facebook sida vår.

Vi ser at turar som går frå A til B er spesielt populære, og fleire av desse har vore fullteikna. Skituren Årdal–Nes, Oldeskaret frå Briksdal til Haugastølen, Langs veglause strender på sørsida av Sognefjorden, og Øyane Over er nokre av høgdepunkta.

Mange av turane har vorte faste innslag i turprogrammet, men vi har også eksperimentert med nye konsept. Eit døme er «Rundtur i Astrup sitt rike: Isvassnipa 1436 moh via Styggevassegga og Brandsegga».

Ein heilt spesiell tur for historiebøkene var festivalturen gjennom Oldeskaret, der vi losa 100 deltakarar i samarbeid med Førdefestivalen. På spelemannsmyra heldt Britt Pernille Frøholm konsert, og Margreth Olin delte gripande historiar om filmen *Fedrelandet*. Bilete frå turen på denne sida er tatt av Atle Holsen.



## Bre- og fjellsportgruppa

Gruppa har vore samansett slik

I 2024 har gruppa hatt fem fysiske møter og hatt ein del samhandling via e-post og Teams. Gjennom året har vi gjennomført fire topturar, ei toptursamling i Jotunheimen, Josten på langs, 7-fjellsturen i Førde og brevandring.

I haust stod gruppa som arrangør for ein lokal Skredkveld på Førde vidaregåande skule, med heile 150 deltakarar. Vi har òg oppgradert utstyret med innkjøp av nye stegjern og karabinarar, dette med stønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Vi er godt nøgde med turane og deltakinga på dei gjennomførte aktivitetane. Nokre turar måtte dessverre avlysast grunna vêrforhold, som Melsnipa, Lodalskåpa og Lunde–Fjærland.



*På veg opp Viafjellet under 7-fjellstur i Førde*



*Nøgde deltakarar ved Flatbrehytta i Fjærland under Josten på langs*

## Seniorgruppa

Vi har ikkje hatt så mange møter i gruppa i 2024, berre 3–4 stykke. Desse har i hovudsak vore nytta til å risikovurdering av turar og planleggje neste års turar. Elles går informasjonen for det meste via e-post, meldingar og telefon. Vi treffast òg ofte ute på tur.

Samarbeidet i gruppa er godt, og alle turleiarane veit når dei er oppsette til å leie tur. Turane for 2025 er no ferdig planlagde, og turleiarane er på plass, slik at alle har klart kva som skal gjerast.

Vêret i 2024 har ikkje alltid vore på vår side, og vi har måtte gjere endringar i dei oppsette turane. Likevel har vi gjennomført turar uansett vêr. Planen var å arrangere 23 turar. Vi enda opp med heile 30!

Vi har også hatt to turar saman med Flora Turlag, til Naregga og Askrova. Totalt var det 104 deltakarar på desse turane.

Gjennom året har vi hatt rundt 760 deltakarar med oss på tur. Når så mange er med, er det nesten uunngåeleg at nokon kan skade seg. Det vart eitt beinbrot, men heldigvis skjedde det nesten heilt nede ved vegen, slik at ambulansen kom raskt til. Vedkomande har no kome seg godt igjen og er allereie tilbake på tur.

Seniorgruppa takkar alle som har vore med oss på tur i 2024 og ønskjer dykk – og nye deltakarar – velkomne til nye opplevingar i 2025



## Natur & Kultur

Vi gjennomførte 6 turar i samarbeid med Førde Historielag under tittelen «Natur & kultur». Ideen her er å kombinere tur i nærmiljøet med kulturhistoriske tema. Turane gjekk på ettermiddagstid, og turmåla var Skårane (gamle stølstuffer på vegen frå Soleide til Viefjellet), Gullgruva ved Blåane, Vassbrekka i Angedalen (meierihistorie), Tåene (kulturvandring), tur til Grønengstølsvatnet i Haukedalen (kvernhus og kulturminne i naturen) og på Kulturstien på Kjelstad/Hestad kapell.

Turane hadde jamnt god deltaking med gjennomsnittleg 17 deltakarar på kvar tur.

Dette er vi godt nøgde med. To turar vart avlyste grunna svært dårleg ver.

Samarbeidet med Førde Historielag om denne typen turar held fram i 2025. I tillegg har vi hatt Peer Gynt ved Skaraly og «På tur med Strandamålarane» (tysdagstur på Svistølen og sentrumstur i Førde).



## FTU

Samarbeidet med NFU for å tilby friluftaktivitetar til menneske med ulike grader av utviklingshemming har fortsett. Ein grunnleggande føresetnad for aktivitetane er at deltaking skal vere mogleg uavhengig av funksjonsevne.

Vi gjennomførte totalt seks samlingar, med 15–25 brukarar på kvart arrangement i tillegg til følgjepersonar. Aktivitetane inkluderte grilling og forming i Hafstadparken, kajakkpadling saman med Sunnfjord Kajakklubb på Sanden, spennande møte med Huldra ved Huldefossen, laging av haustsuppe på Langeland og Nissemarsj. Kvar samling hadde éin eller fleire kjekke aktivitetar i frisk luft, noko godt rundt bålpanna og eit sosialt fellesskap.

FTU er svært givande og populært i brukargruppa. Diverre slit IST med å finne frivillige som kan drifte tilbodet, og har difor vore nøydde til å nytte organisasjonsmedarbeidar aktivt i planlegginga. Vi håpar å få med nye, engasjerte frivillige til neste år!



## U40

Vi har fortsett å tilby ettermiddagsturar i samarbeid med Sunnfjord U40.

Aktivitetane har hatt 10-20 deltakarar kvar gong. Vi byrjar å sjå at fleire unge vaksne får kunnskap om turlaget og tek del i det ordinære turtilbodet/ andre tilbod frå turlaget. Vi har fått to nye frivillige i målgruppa. Her frå kveldsmattur til Gyttå.



## DNT ung

I 2024 var det ingen tillitsvalde i DNT ung, og ei heller tilbod om regelmessig organisert aktivitet for målgruppa. Det vart gjennomført OPPTUR for mange av 8.klassingane i vårt område, samt friluftsskule i Askvoll i juni. Målgruppa fekk redusert deltakaravgift på 7-fjellstur i Førde. Det gler oss også at 7 jenter frå vårt område deltok i DNT SFJ sitt prosjekt «Unge Naturjenter», der nokre vert våre nye frivillige.

### Friluftsskule i Askvoll 19.–21. juni

22 deltakarar og fire leiarar sette kursen mot Nipebu i lett regn. Ved ankomst vart det innlosjering på hytta og laging av kveldsmat. Dag to vart ein våt dag i fjellet, men likevel fekk deltakarane fiska, bada og vore i båt. Det vart òg mykje hyttekos med speling og sosialt samvær. Siste dag gjekk gruppa tidleg ned frå hytta. Leiren avslutta med luftgeværskyting og hagle skyting på leirdue.

Dette var det åttande året med friluftsskule, og oppmøtet var fantastisk som alltid!



### OPPTUR

Opptur er 8.klasse sin nasjonale utedag og føregår første onsdag i mai. Indre Sunnfjord Turlag inviterte alle skulane i Sunnfjord til Opptur-løype over Hafstadfjellet. Om lag 200 elevar var med denne dagen. I tillegg gjennomførte Askvoll skule sin eigen opptur på anna dato, medan Vassenden skule kombinerte OPPTUR med brevandring på hausten. Totalt 6 skular og om lag 240 elevar har gjennomført opptur i år. Neste år er målet å tilby opptur til alle dei 11 skulane i vårt dekningsområde!



## Barnas Turlag

Barnas Turlag har arrangert totalt 23 aktiviteter i 2024, med imponerende 1427 deltakere. Turgruppene våre har høgst deltakarsnitt per aktivitet i laget, noko som viser at desse arrangementa er populære og viktige for barnefamiljar i området.

Barnas Turlag Førde, Askvoll og Fjaler har hatt regelmessig aktivitet gjennom året, og vi er stolte av innsatsen frå frivillige som gjer dette mogleg. I Naustdal har det dessverre vore utfordringar med å gjennomføre planlagde aktiviteter, då det ikkje er kome på plass ein ny leiar.

I Gaular har det vore stille frå Barnas Turlag i år, og vi ser dessverre ikkje nokon umiddelbare løysingar for å få i gang aktiviteter neste år grunna mangel på frivillige til å danne ei arbeidsgruppe.

Vi håper fleire vil engasjere seg som frivillige, slik at vi kan oppretthalde, styrke og utvide tilbudet til barnefamiljar i heile regionen. Nedanfor er eit utdrag frå årsmeldingane deira, full årsmelding frå Barnas Turlag ligg på heimesida vår.

### Barnas Turlag Førde

I Førde vart året innleia med klatring i januar, der 53 barn deltok. Dei to KOM DEG UT-dagane, med grilling, aking og skiaktivitetar på Langeland og samarbeid med Røde Kors på Hundsrasta, samla om lag 280 deltakere.

I april starta vi opp med Turbortrim der vi oppfordra familjar til å nå eit nytt turmål kvar månad. Tal deltakere varierte etter vêr og stad, men Gyttå og Hunsrasta og Nordre Heia var særleg populære.

Andre aktiviteter som lesestunder på Skaraly og Gyttå (samarbeid med Førde Mållag) hadde lågare deltaking grunna dårleg vær, men lommelykturen til Gyttå i oktober samla 35 deltakere. Totalt gjennomførte vi 8 aktiviteter i 2024. Dette var færre enn håpa, men trass noko utfordringar med rekruttering av nye turleiarar, er vi optimistiske for 2025.



## Barnas Turlag Askvoll

Askvoll fekk eit nytt styre i 2024, med ei gradvis overføring av ansvar frå det gamle styret. Seks turar vart gjennomførte, inkludert KOM DEG UT-dagar, halloweendiskotek og nissetur. Oppmøtet var godt, med mellom 30 og 100 deltakarar på kvar tur.

Eit forsøk på Turbotrim inkluderte turmål som Dørhelleåsen og Tyskarhytta, men måtte avsluttast grunna problem med postkassen. Likevel er vi nøgde med året, som også inkluderte deltaking på Skjærgårdstreffet med natursti og svelesteiking. Det nye styret ser fram til vidare aktivitetar i 2025.



## Barnas Turlag Fjaler

Barnas Turlag Fjaler arrangerte åtte aktivitetar i 2024, som samla nesten 600 deltakarar til saman. Årets to KOM DEG UT-dagar, med tema som samane sin kultur og tur til Pollaneset med natursti, samla tilsaman 110 personar.

Opninga av pumptracken i Dale saman med Dale Skateklubb vart også ein suksess, med 100 deltakarar. Lesestunda «kokosbananas» i oktober samla 100 deltakarar i Bekkedalen, medan to refleksturar, inkludert grautservering og nissebesøk, samla over 190 deltakarar.



Turbotrim vart lansert i oktober, og postkassen har vorte flytta mellom spennande turmål som Storlifjellet og Kirkeåsen. Fjaler fekk fleire nye frivillige, noko som styrkar tilbodet framover. I 2025 håpar vi å vere synlege i større delar av kommunen, med egne arrangement i ytre delar av kommunen.



## Barnas Turlag Naustdal

Naustdal planla seks aktivitetar i 2024, men fekk berre gjennomført to grunna mangel på frivillige. KOM DEG UT-dagen med klatring og skattejakt samla 40 deltakarar, medan mørkeorientering i oktober samla 25. Vi håper fleire melder seg som frivillige slik at vi kan oppretthalde og utvide tilbodet.



## Kompetanseheving blant tur- og aktivitetsleiarar

I 2024 har Indre Sunnfjord Turlag hatt stort fokus på kompetanseheving blant våre tur- og aktivitetsleiarar. Dette bidreg til trygge, inspirerende og godt planlagde turar for våre medlemmar og deltakarar.

Vi er stolte av å kunne melde om følgjande deltaking på kurs og opplæring:

- **Grunnleggjande turleiarkurs:** 3 deltakarar
- **Godkjent sommarturleiarar:** 6 deltakarar
- **Dagskurs i førstehjelp:** 8 deltakarar
- **NF grunnkurs i førstehjelp:** 5 deltakarar
- **Kart- og kompasskurs:** 14 deltakarar
- **Grunnkurs skred:** 1 deltakar
- **Vidaregåande skredkurs:** 1 deltakar
- **Våttkort livredning:** 4 deltakarar
- **Nærturleiarars kurs:** 6 deltakarar



I tillegg har IST arrangert to samlingar for våre turleiarar, der vi har lagt vekt på informasjon, erfaringsutveksling og planlegging av aktivitetar.

Gjennom målretta kompetanseheving sikrar vi at turlaget vårt held eit høgt fagleg nivå og gir alle deltakarar trygge og gode opplevingar i naturen.



# TiTur Dalsfjorden

TiTur Dalsfjorden gikk av stabelen frå 1. mai til 1. oktober og vart gjennomført i samarbeid mellom Indre Sunnfjord Turlag, Askvoll kommune, Fjaler kommune, og turgruppene i Askvoll og Fjaler.

## Deltakarpremiar og statistikk

Årets deltakarpremie var ullsokkar frå Devold til vaksne og Barnas Turlag-kopp til dei yngste. Det vart også trekt fire gåvekort á 1000 kroner hjå Sport Dale.

I 2024 var det registrert 4202 innskrivingar i turpostbøker og 2371 innsjekkingar i appen. Heile 173 personar henta deltakarpremiar, medan totalt 188 personar fullførte TiTur, inkludert dei som fullførte i appen utan å hente premie. Dette er ein oppgang frå 2023.

- **Kjønnsfordeling:** 63 % kvinner og 35 % menn.
- **Aldersspenn:** Yngste registrerte deltakar var 0 år, eldste var 81 år, med eit gjennomsnitt på 52 år.
- **Instagram:** 51 innlegg med emneknaggen #titurdalsfjorden2024.

## Oppsummering og vurdering

- **Oppgang i deltaking:** Det er gledeleg med ein auke i talet på fullførte frå dei to føregåande åra. Trass i eit vått vêr frå slutten av juli, vart fleire turar fullførte tidlegare på sesongen.
- **Barn og familiar:** Andelen born som fullførte var noko lågare enn tidlegare år, med 22 fullførte blant born. For 2025 planlegg vi eit samarbeid med Barnas Turlag om to familieturar i mai, éin i Askvoll og éin i Fjaler, for å inspirere småbarnsfamiliar til å delta.
- **Geografisk og demografisk fordeling:** Som tidlegare år var det fleire deltakarar frå Fjaler enn frå Askvoll. Den relative auken av menn som fullførte i fjor har stagnert, og igjen er det langt fleire kvinner enn menn som fullfører.
- **Sosiale media:** Det vart posta færre innlegg på Instagram samanlikna med tidlegare år. Premien for Instagrambilete kan vurderast bytta ut med ein hurtigpremie på våren.  
(Vinnarbilete 2025: Furefjellet, Ann Kristin Nes)



TiTur Dalsfjorden 2024 har vore eit populært tiltak og bidrege til at fleire har opplevd dei flotte turmoglegheitene i regionen. Vi ser fram til å vidareutvikle dette i 2025!



# TiTur Sunnfjord

## TiTur Sunnfjord 2024

TiTur-sesongen i Sunnfjord gjekk frå 1. april til 31. oktober. Det vart plukka ut 10 turmål, der tre av desse gav deltakarane valet mellom ein kortare og ein lengre tur. Dette gjorde det mogleg med totalt 13 innsjekkingar for dei som ønskte å gå meir.

## Deltaking

Deltakinga meir enn dobla seg samanlikna med fjoråret. Ein viktig faktor var valet av enklare og meir tilgjengelege turmål i 2024.

- **Deltakarar:** 314 personar følgde turmålslista i UT.
- **Fullførte:** 24 deltakarar besøkte alle 13 turmåla, medan 70 deltakarar fullførte med minst ti turmål. Mange deltakarar hadde 8-9 innsjekkingar. Ein svært regnfull haust må kanskje ta litt av skulda for at fleira av dei ikkje nådde 10!
- **Demografi:** Deltakinga var dominert av godt vaksne, med klart fleire kvinner enn menn, medan færre born deltok.

## Statistikk og turmål

Totalt vart det registrert 3424 innsjekkingar i UT fordelt på over 571 ulike turgåarar.


- **Mest besøkte turmål:** Nordre Heia toppa statistikken med 935 innsjekkingar.
- **Minst besøkte turmål:** Massbu hadde 78 innsjekkingar.
- **Instagram #istitur24:** 112 innlegg, fleire med biletsierar, vart delt med emneknaggen. Dette var ei stor og overraskande auke mot 25 innlegg i fjor. (Vinnarbilete: Svistølen, Anne Cecilie Angeltveit)

## Deltakarpremiar

Årets deltakarpremie var ullsokkar frå Devold for vaksne og Barnas Turlag-kopp til dei yngste. I tillegg vart det trekt fire gåvekort á 1000 kroner, sponsa av Erdal Sport og Intersport Førde. Vinnarane vart annonserte på nettsida og Facebook i november.


## Oppsummering

Valet av meir tilgjengelege turmål har hatt ein positiv innverknad på deltakinga, men vi ser framleis få born blant deltakarane. Dette kan vere eit område for vidare utvikling neste år. Regnfull haust kan ha påverka talet på fullførte turmål, men totalt sett har TiTur Sunnfjord 2024 vore ein suksess med auka deltaking og engasjement for turmåla våre.



# DNT-medlemmer

## Medlemsutvikling



\*Telledato i 2024 vart endra frå normalt 31.10 til 31.08. At ein manglar haustmånadane kan vere årsak til at medlemstalet gjekk ned i 2024, det gjenstår å sjå i 2025.

Medlemskategori	2024	%	2023	%
Familie (2 voksne og alle barn u/26)	667	36,6	718	38,7
Ordinært medlem (26-66år)	586	32,2	584	31,5
Husstandsmedlem	149	8,6	156	8,4
Ung (13-25år)	70	3,8	67	3,6
Barn (0-12år)	65	3,6	65	3,5
Senior/Ufør	267	14,7	248	13,4
Livsvarig medlem (ev æresmedlem)	17	0,1	16	0,1
<b>SUM</b>	<b>1821</b>		<b>1854</b>	
*Totalt tal barn (inkl familie)	166	9,12	190	10,20 %
*Totalt tal ung (inkl familie)	316	17,35	311	16,80 %

2021			
	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	181	2970	6
Sunnfjord	1591	22079	7,2
Fjaler	148	2844	5,2
Uvisst	55		
Sum	1975		
2022			
	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	189		6,4
Sunnfjord	1496		6,8
Fjaler	142		5
Andre komunar	17		
Sum	1844		
2023			
	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	188	2949	6,4
Sunnfjord	1515	22215	6,8
Fjaler	136	2913	4,7
Andre komunar	15		
Sum	1854		
2024			
	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarande
Askvoll	189	2931	6,4
Sunnfjord	1533	22625	6,8
Fjaler	136	2911	4,7
Andre kommunar	13		
Sum	1821		

## Medlemsfordelar

Medlemmer i Indre Sunnfjord Turlag får tilgang til unike fordelar i tillegg til dei generelle medlemsfordelane i DNT.

Vi tilbyr gratis utlån av kanoar og turutstyr som Via Ferrata-slyngjer, breutstyr, truger m.m., for å gjere det enklare å oppleve friluftslivet.

Gjennom gode samarbeidsavtalar kan medlemmene våre nyte 15 % rabatt hjå Sport Dale og Erdal Sport, og få 20 % rabatt på festivalpass til Førdefestivalen.

I arbeidet vårt legg vi vekt på å ha flest mogleg gratis aktivitetar i programmet. Samstundes har vi auka skilnaden mellom prisane for medlemmar og ikkje-medlemmar på turar som er kostbare for oss å arrangere.

## Takk for eit flott turår 2024!

Takk til deg som har vore DNT-medlem, du som har nytta hyttene våre, deltok på fellestur eller gir uttrykk for at du set pris på innsatsen våre frivillige legg ned. DU gir oss motivasjon til å halde hjula i gang og utvikle oss vidare

Ei ekstra takk til deg som har vore frivillig! Saman er de ryggraden i organisasjonen. Det hadde ikkje vorte turar, aktivitetar, nye stiar eller vedlikehaldne hytter utan dykk! Vi har i 2024 registeret om lag 4500 dugnadstimar knytt til dugnad på stiar og hytter, tilsyn, kompetanseheving, turleiing og administrativt arbeid.

Vi har hatt Hege Mundal som tilsett i 50 % stilling, noko som tilsvara kring 900 timar. Til slutt takk til store og små samarbeidspartnarar og tilskots- og gåvegivarar!



Vestland  
fylkeskommune



førdefestivalen  
Folkemusikk frå heile verda



sparebankstiftinga  
sogn og fjordane



Norsk Tipping



Sunnfjord  
kommune



Fjaler kommune



Askvoll  
KOMMUNE

## Nettstad & Kontaktinformasjon

Vi håpar du nyttar nettsida vår for enklast mogleg å finne informasjon om kommande turar, hyttene våre, medlemsfordelar, korleis bli frivillig m.m.

**Facebook:** Indre Sunnfjord Turlag

**Instagram:** @indresunnfjordturlag

**Nettstad:** <https://www.dnt.no/indresunnfjord>

